

# Sauda kommune



## Kommunedelplan for oppvekst og kultur i Sauda 2015-2023



# Innhold

---

1. Innleiding med visjon og hovedstrategi .....	3
2. Status oppvekst og kultur i Sauda .....	4
Innbyggarundersøkinga i Sauda 2013 .....	4
KOSTRA-tal .....	5
Barnehage .....	5
Skule .....	5
Kultur .....	11
Skuleporten – resultat i skulen.....	7
Nasjonale prøvar, standpunkt- og eksamenskarakterar .....	8
Læringsmiljøet.....	10
3. Demografi Sauda .....	12
Om folkemengda i Sauda .....	12
Utfordringar og sjansar knytt til demografisk utvikling i Sauda .....	14
5. Nasjonale, regionale og kommunale føringar .....	14
6. Mål og tiltak.....	17
MÅL: Resultat og kvalitet (RK).....	18
MÅL: Rammeverk og ressursar (RR) .....	22
7. Prinsipp og føringar .....	25

## 1. Innleiing med visjon og hovudstrategi

Kommunedelplan for oppvekst og kultur i Sauda 2014-2023 erstattar «Kommunedelplan for grunnskulen 2009-2014» og temaplanen «Barnehageplan for Sauda kommune 2010-2014». I tillegg tek planen føre seg kultursektoren i Sauda kommune. Frå før finst det ingen eigen kommunedelplan eller temaplan for kultursektoren..

Føremålet med kommunedelplanen er å gi retning til ei langsiktig utvikling av barnehage, skule og kultur i Sauda kommune.

Kommunedelplanen er for det første eit **styringsverktøy** for å nå visjonen og måla som er sett for oppvekst og kultur i Sauda. I tillegg er den ein reiskap for **kommunikasjon** med innbyggjarar og potensielle nye innbyggjarar om ambisjonar og målsettingar innan tenesteområda.

Kommunedelplanen skal vidare vera ein reiskap for sterkare **samhandling** og **samarbeid** internt mellom einingane i kommunen, men òg med brukarar, føresette, næringsliv samt lag og foreiningar i Sauda.



Kommunedelplanen følgjer visjonen til Sauda kommune:

**LITT BETRE KVAR DAG!**

**ME LØFTAR SAMAN FOR Å  
SKAPE LÆRING, OPPLEVINGAR  
OG RELASJONAR FOR LIVET.**

## 2. Status oppvekst og kultur i Sauda

Føremålet med dette kapitlet er å gi eit riss av status innan oppvekst og kultur i Sauda på det tidspunktet kommunedelplanen er utforma. Med eit slikt riss er det etablert ein ståstad for vidare arbeid. Ein kan skimta dei gode og dei mindre gode resultata innan tenesteområda. Målet er å ta vare på og forsterka dei gode resultata samt betra og løysa veikskapar og manglar.

### Innbyggarundersøkinga i Sauda 2013

Tjenestene fra din kommune - bruker					
Spørsmål	Snitt Sauda	Snitt Norge	Snitt Suldal	Høyest kommune	Lavest kommune
Hvis ja, hvor fornøyd var du med barnehagetjenesten?	5	4,9	4,9	5,1	4,2
Hvis ja, hvor fornøyd var du med grunnskolen?	4,7	4,6	4,5	4,7	4,2
Hvis ja, hvor fornøyd var du med fritidstilbuet til ungdom?	4,5	4,3	4,4	4,6	3,9
Hvis ja, hvor fornøyd var du med bibliotek/bokbussen?	5,3	5,1	5,1	5,5	4,7
Alt i alt, hvor fornøyd er du med tjenestetilbuet i kommunen?	4,3	4,3	4,4	4,6	3,7
Snitt	4,5	4,5	4,7	4,9	3,9

Figur 1. Kor nøgd er du med desse tenestene frå 1-5. Brukar.

I figur 1 ser me at brukarane av oppvekst og kulturtenester i Sauda (barnehage, grunnskule, fritidstilbod, bibliotek) er godt nøgde. Det er faktisk desse tenestene brukarane er mest nøgde med i kommunen samanlikna med andre tenester. Samanlikna med tal for Noreg kan resultata kallast særslig gode.

Tjenester fra din kommune - inntrykk					
Spørsmål	Sauda	Norge	Suldal	Høyest	Lavest
barnehagetjenesten?	4,8	4,5	4,6	4,8	4,1
grunnskolen?	4,5	4,4	4,5	4,8	4,2
fritidstilbuet til ungdom?	3,8	3,7	4	4,3	3
bibliotek/bokbussen?	4,5	4,3	4,2	4,7	3,9
Snitt	4,1	4,1	4,3	4,6	3,6

Figur 2. Kva for inntrykk har du av desse tenestene i Sauda kommune frå 1-5. Ikkje brukar.

Figur 2 visar at folk som ikkje er brukarar av oppvekst og kulturtenester i Sauda jamt over har eit godt inntrykket av tenestene. Barnehage er den tenesten der brukaropplevelinga samsvarar best med inntrykket til ikkje-brukarar.

|

## KOSTRA tal

### Barnehage

I Sauda er det fire barnehagar:

- Leabøen barnehage – Saudasjøen - 52 barn og 11,7 årsverk
- Veslefrikk barnehage – Åbøbyen/sentrum - 47 barn og 11.2 årsverk
- Rustå barnehage- Austerheim – 52 og 11.6 årsverk
- Brakamoen barnehage - Birkeland - 92 barn og 25,3 årsverk

KOSTRA-tal for 2014 viser at barnehagane i Sauda har gjennomsnittlige resultat knytt til ei rekke rammefaktorar, som del av barn i barnehage, netto driftsutgifter pr. barn m.m.

	Suldal	Odda	Vindafj	Sauda	Kostra gr 03	Rogal	Landet
	2014	2014	2014	2014	2014	2014	2014
Netto driftsutgifter per innbygger 1-5 år i kroner, barnehager	155325	138301	115286	135331	134588	129338	129744
Korrigerte oppholdstimer per årsverk i kommunale barnehager	9685	10710	11586	12549	9995	11096	11360
Korrigerte brutto driftsutgifter i kroner per barn i kommunal barnehage	202236	185842	163873	175020	176171	180185	174744
Korrigerte brutto driftsutgifter til kommunale barnehager per t.	72	61	58	57	60	59	58
Kommunale overføringer av driftsmidler til private barnehager pr t	..	..	45	45	40	44	42
Andel ansatte med barnehagelærerutd.	29,3	33,6	28	45,3	32,2	30,5	34,6
Korrigerte oppholdstimer per årsverk til basisvirksomhet, kom. barnehager	11055	12706	13250	13714	11157	12895	12775
Korrigerte oppholdstimer per årsverk til basisvirksomhet, private barnehager	..	..	13528	13322	11827	13346	13387
Brutto driftsutgifter til styrket tilbud til førskolebarn	67222	108460	74823	111435	67418	87568	61546
Andel barn som får ekstra ressurser til styrket tilbud til førskolebarn,	16,4	16,1	13,7	12	14,8	21,1	21,5

På nokre kvalitetsindikatorar skil Sauda-barnehagane seg likevel ut (samanlikna med KOSTRA gruppe 03, dvs. liknande kommunar og landet):

- Kommunen har mange tilsette med barnehagelærarutdanning
- Mange barn per årsverk (oppholdstimar per årsverk)

## Skule

I Sauda er det tre barneskular og ein ungdomsskule:

- Astarheim skule - 169 elevar og 20,6 årsverk
- Fløgstad skule - 128 elevar og 15,8 årsverk
- Risvoll skule - 98 elevar og 11,3 årsverk
- Sauda ungdomsskule - 174 elevar og 24,6 årsverk

<b>Grunnskoleopplæring - nivå 2</b>							
	1134 Suldal	1228 Odda	1160 Vindafj	1135 Sauda	Kostragr 03	Rogal	Landet u Oslo
Netto driftsutgifter til grunnskolesektor per innbygger 6-15 år	148131	140423	118081	114085	131546	96453	101230
Netto driftsutgifter til grunnskole (202), per innbygger 6-15 år	112643	113600	95976	96128	104435	80470	81196
Andel elever i grunnskolen som får spesialundervisning	9,5	13	9,3	9	10,5	8,1	8,1
Andel elever i grunnskolen som får spesialundervisning, 1.-4. trinn	6,3	11,5	8,2	4,6	7,1	5,9	5,2
Andel elever i grunnskolen som får spesialundervisning, 5.-7. trinn	13,9	14,2	9,8	12,7	12,4	9,2	9,5
Andel elever i grunnskolen som får spesialundervisning, 8.-10. trinn	9,9	13,6	10	11,5	12,9	9,9	10,5
Andel timer spesialundervisning av antall lærertimer totalt	19,7	19,2	16,5	20,2	19,6	17,2	17,4
Andel innbyggere 6-9 år i kommunal SFO	57,7	53	54,3	39,5	47,5	54,2	59,3
Elever per kommunal skole	74	151	127	142	116	263	213
Gjennomsnittlig gruppestørrelse, 1.-10.årstrinn	9,6	11,7	12,4	11	10,4	13,7	13,6
Gjennomsnittlig gruppestørrelse, 1.-4.årstrinn	9,3	11	10,9	10,6	10	13,3	13,3
Gjennomsnittlig gruppestørrelse, 5.-7.årstrinn	8,2	10,8	11,5	9,9	9,6	13,3	13
Gjennomsnittlig gruppestørrelse, 8.-10.årstrinn	11,7	13,1	14,7	12,7	11,5	14,5	14,3
Andel elever med direkte overgang fra grunnskole til videregående oppl.	98,3	98,6	96,6	100	98,2	98,2	98,1
Gjennomsnittlige grunnskolepoeng	41,6	41,2	39,3	39,8	..	40,3	40,3

KOSTRA-tal for 2014 viser at skulane i Sauda har gjennomsnittlege resultat knytt til ei rekke rammefaktorar som gruppestørleik, netto driftsutgifter til skulesektoren m.m. Bilete er jamt over at Sauda-skulen har meir effektive tal samanlikna med KOSTRA gruppe 03, men jamt over mindre effektive tal samanlikna med landet. Det er verdt å merke seg at utgiftene til grunnskulen per elev har gått ned frå 2012 til 2013.

## Kultur

Årsverk i kultur (utan om kulturskulen) 6.

Årsverk i kulturskulen 5,2 - 142 elevar\*

\*Ein elev kan telje to om han går på to tilbod.

K. Kultur - nivå 2	Suldal	Sauda	Kostra Gr 03	Rogal	Landet uten Oslo
	2014	2014	2014	2014	2014
Netto driftsutgifter for kultursektoren per innbygger i kroner	5621	2595	2979	2304	2010
Brutto investeringsutgifter til kultursektoren per innbygger	567,3	1660,2	950,8	833,7	717,1
Netto driftsutgifter til kommunale idrettsbygg per innbygger	976	1079	536	510	437
Netto driftsutgifter til folkebibliotek per innbygger	525	446	461	263	276
Besøk per kinoforestilling	32,8	25,5	28,1	36,6	28,9
Kommunale driftstilskudd til lag og foreninger pr lag som mottar tilskudd	10457	31250	23044	50006	36444
Netto driftsutgifter til kommunale musikk- og kulturskoler, per innbygger 6-15 år	11124	4888	4445	2550	2420
Brutto driftsutgifter til kommunale musikk- og kulturskoler, per bruker	35613	23372	19772	17209	18160
Andel elever (brukere) i grunnskolealder i kommunens musikk- og kulturskole.	32	18,3	23,7	15,9	14,5
Netto driftsutgifter til andre kulturaktiviteter per innbygger	699	235	471	341	256

KOSTRA-tala viser at kommunen har utgifter som ligg om lag på gjennomsnittet for land og fylke. Me har høgare investeringsutgifter i 2014, som følgje av vedtekne utbyggingar på området. Elles ser me at utgiftene per brukar i kulturskulen ligg over snittet. Årsaka til dette er eit breitt tilbod og relativt få deltararar på gruppetilboda.

## Skuleporten – resultat i skulen

Skuleporten (<https://skoleporten.udir.no/#>) er nettenesta der skular, skuleeigarar, foreldre og folk flest finn relevante og pålitelege data om grunnopplæringa.

Målet med Skuleporten er at skular og skuleeigarar skal ha lett tilgang til relevant og påliteleg informasjon i det lokale kvalitetsvurderingsarbeidet.

Det er fem såkalla hovudområder i Skuleporten. Dei fire områda *læringsutbytte, læringsmiljø, gjennomføring i vidaregåande opplæring og ressursar* blir kalla "vurderingsområde". Det er fordi dei inneholder relevant informasjon for det lokale vurderingsarbeidet. Området skulefakta inneholder faktaopplysningar om skulane.


Utdraga under skal gi eit riss av resultata i Sauda-skulen på utvalte område.

## Nasjonale prøvar, standpunkt- og eksamenskarakterar

Figuren under viser resultata på nasjonale prøvar for 5. klassetrinn på området lesing. Tala 1, 2 og 3 viser til mestringsnivå, der 3 er det høgaste nivået. Sauda har over fleire år skåra høgt på dei nasjonale prøvane, men fordi me har få elevar som deltek, er det vanskeleg å konkludere på kvalitet pga. naturlege variablar i elevgruppa.

### Sauda kommune skoleeier| Sammenlignet geografisk

Offentlig| Trinn 5| Begge kjønn| Periode 2014-15| Grunnskole



Her er tala for standpunkt- og eksamens karakterar i norsk, matematikk og engelsk for 2014. Kommunen skorar om lag på gjennomsnittet for fylke og land. Det er posistivt at standpunkt-karakterane samsvarar med eksamen.




# Kommunedelplan for oppvekst og kultur i Sauda 2015-2023

## Sauda kommune skoleeier| Sammenlignet geografisk

Offentlig| Alle| Begge kjønn| Periode 2013-14| Grunnskole

Klikk i diagrammet for å velge andre visningsformer ?




Sauda kommune skoleeier, Grunnskole, Karakterer - matematikk, norsk og engelsk, 2013-2014

## Sauda kommune skoleeier| Sammenlignet geografisk| Fordelt på periode

Offentlig| Alle| Begge kjønn| Grunnskole

Klikk i diagrammet for å velge andre visningsformer ?



Sauda kommune skoleeier, Grunnskole, Grunnskolepoeng, 2009-2014

Grunnskolepoenga er sett saman av resultat på eksamen-, standpunkt-karakterar og nasjonale prøvar. Tala syner ein liten nedgang frå i fjor. Årsaka til dette er at resultata på nasjonale prøvar gjekk ned.

Det er òg viktig å fokusere på eventuelle systematiske forskjellar i resultat mellom dei som er etnisk norske og dei som har ein annen nasjonalitet. Dette vert ikkje målt i skuleporten. Sidan 2009 har Sauda tatt i mot flykningar frå eit utval land. Saman med arbeidsinnvandring og anna innvandring har dette på kort tid gitt eit mangfaldig samfunn. Sjå meir om dette temaet under kapitlet om demografi.

## Læringsmiljøet

«Elevundersøkinga er ei nettbasert spørjeundersøking som blir gjennomført kvart år. Her får elevane seie meiningsa si om læringsmiljøet og dei tilhøva som er viktige for å lære og trivast på skolen. Skala: 1-5. Høg verdi vil seie positivt resultat for alle indeksane unntake mobbing. Når det gjeld mobbing, vil låg verdi seie lite mobbing.» ([www.skoleporten.no](http://www.skoleporten.no)).

UTVAL 7. KLASSE HØSTEN 2014			
Skore fra 1 til 5, der 5 er beste score.	SAUDA	ROGALAND	NASJONALT
<b>TRIVSEL</b>	4,3	4,4	4,4
<b>STØTTE HJEMMEFRA</b>	4,6	4,4	4,4
<b>STØTTE FRA LÆRERNE</b>	4,5	4,5	4,4
<b>FAGLIG UTFORDRING</b>	3,9	4,1	4
<b>VURDERING OG LÆRING</b>	4	4	3,9
<b>LÆRINGSKULTUR</b>	4,2	4,1	4,1
<b>MESTRING</b>	4	4,1	4,1
<b>MOTIVASJON</b>	4	4	4
<b>ELEVDEMOKRATI OG MEDVIRKNING</b>	3,8	3,8	3,8
<b>FELLES REGLER</b>	4,4	4,3	4,3
<b>MOBBING (0 beste score)</b>	1,1	1,2	1,2
<b>ANDEL ELEVER SO MAR OPPLEVD MOBBING 2 – 3 GANGER PER MÅNAD ELLER OFTERE</b>	0	4,1	4,8

Figuren over viser resultata frå undersøkinga på 7. årssteg. Sauda skårar over gjennomsnittet samanlikna med Rogaland og landet på dei fleste områda.

UTVAL 10. KLASSE HØSTEN 2014			
Skore fra 1 til 5, der 5 er beste score.	SAUDA	ROGALAND	NASJONALT
<b>TRIVSEL</b>	4,2	4,2	4,2
<b>STØTTE HJEMMEFRA</b>	3,9	4	3,9
<b>STØTTE FRA LÆRERNE</b>	3,9	4	4
<b>FAGLIG UTFORDRING</b>	4,1	4,2	4,2
<b>VURDERING OG LÆRING</b>	3,2	3,3	3,2
<b>LÆRINGSKULTUR</b>	3,8	3,7	3,7
<b>MESTRING</b>	3,9	4	3,9
<b>MOTIVASJON</b>	3,4	3,5	3,5
<b>ELEVDEMOKRATI OG MEDVIRKNING</b>	3	3,2	3,2
<b>FELLES REGLER</b>	3,7	3,9	3,9
<b>MOBBING</b> (0 beste score)	1,1	1,2	1,2
<b>ANDEL ELEVER SO MHAR OPPLEVĐ MOBBING 2 – 3 GANGER PER MÅNAD ELLER OFTERE</b>	0	4,7	4,4
<b>UTDANNING OG YRKESVALF</b>	3,8	3,7	3,8

Figuren over viser resultata frå undersøkinga på 10. årssteg. Sauda er om lag på gjennomsnittet samanlikna med Rogaland og landet. Det er litt därlegare resultat her enn for 7. klasse. Grunnskulane deltar nå i to store landsoppfattande prosjekt, "Ungdomsskulesatsinga" og "Vurdering for læring". Begge desse prosjekta har som mål å betre trivsel og læring.




### 3. Demografi Sauda

Føremålet med kapitlet er å sjå framover i tid ved hjelp av statistikk og framskrivingar utarbeida av SSB (Statistisk Sentralbyrå). Framskrivingar og scenario om framtida skal bidra til å avdekka dei mest sannsynlege utfordringane og sjansane som byr seg innan oppvekst og kultur i Sauda i planperioden fram mot 2023. Målet er å forma mål og tiltak som er godt eigna til å møta denne framtidia.

#### Om folkemengda i Sauda

Per 2014 er folkemengda i Sauda satt saman på følgjande måte:




Samanlikna med resten av Noreg skil demografien i Sauda seg ut på særleg to område:

1. Aldersgruppa 45-69 og 69+ er tydeleg større
2. Aldersgruppene 25-44 er tydeleg mindre

Samanlikna med oss sjølv over tid er skilnaden at aldersgruppa 0-24 år i 2014 ikkje lenger er den største aldersgruppa i Sauda. Det har ho vore fram til nå.


I følgje SSB sine folketalsframskrivingar vil Sauda oppleve vekst i folketetalet dei neste 10 åra. Statistikken er basert på alternativ MMMM, som er det SSB kallar eit *middels nasjonal vekst*. Det finst ni alternativ for

desse framskrivingane, men sjølv med alternativet *lav nasjonalt vekst* visar framskrivingane vekst i Sauda dei neste åra. Det er middels alternativ som er lagt til grunn for vurderingane her.



Kilde: Statistisk sentralbyrå

Om me delar framskrivingane på ulike aldersgrupper får med følgjande biletet:



Kilde: Statistisk sentralbyrå

Sauda sin demografi per 2014 er prega av ein stor del eldre innbyggjarar samanlikna med landet elles. Mange av desse representerer ei stor gruppe arbeidstakrar som i løpet av dei neste ti åra skal ut av arbeidslivet. Dei vil stilla jobbar til disposisjon for potensielle arbeidstakrarar som sannsynlegvis vil vera yngre folk med familiar. Samstundes vil dei nye pensjonistane framleis bli buande i Sauda som potensielle brukarar av kulturtenester.

Både den generelle demografien og demografien i verksemder tilseier at Sauda vil få ein generell vekst i folketal, og at det blir eit større skifte i alderssamsetninga pga. arbeidskraftomlegginga i arbeidslivet.

Framhald av arbeidet med busetjing av flyktningar vil forsterka veksten. Busetjingsarbeidet har i perioden frå 2009-2013 påverka folketalsutviklinga i Sauda positivt. Nedgang er snudd til forsiktig vekst.

Tala frå SSB underbyggjer denne analysen.

## Utfordringar og moglegheiter knytt til demografisk utvikling i Sauda

Demografien skapar utfordringar og stiller krav til omstilling innan heile samfunnet. Det er særleg på følgjande område det vil komma utfordringar og sjansar innan oppvekst og kultur i planperioden:

1. Arbeidskraft og kompetanse: Store grupper skal ut av arbeidslivet samstundes i Sauda. Desse må erstattast. Det er ei utfordring å rekruttera kvalifisert personell til barnehage, skule og kultur i planperioden. Det gir også høve til å ta inn og fornya kompetanseressursen innan oppvekst og kultur
2. Vekst i dei yngste aldersgruppene: Det vert behov for fleire barnehageplassar og skuleplassar. Det må sikrast rom for vekst innan sektoren. Dette gir flere potensielle deltagarar til kultur- og idrettstilbod. Det gir også høve til fornying og utvikling av bygningsmassar og anlegg for oppvekst og kultur.
3. Større kulturelt, etnisk og religiøst mangfald. På kort tid har mangfaldet i Sauda auka. Det er mykje som tydar på at det kulturelle, etniske og religiøse mangfaldet vil halde fram med å vekse. Det blir dermed ei utfordring å sikra god integrering og like tilhøve for alle. Det blir mellom anna store krav til kompetanse på alle område i sektoren. Det blir også nye krav til utforming og organisering av tenestetilbodet og butilhøve. Mangfaldet gir også store sjansar til å bli eit rikare samfunn som er meir attraktivt for fleire.



## 5. Nasjonale, regionale og kommunale føringer

Gjeldande lover, føresegner, rammeplanar og læreplanar for barnehage, skule og offentleg kulturtilbod er viktige føringer for arbeidet med kommunedelplanen.

Følgjande meldingar har vore retnings- og premissgivande for mål og tiltak i kommunedelplanen:

Meld. St. 18 ( 2010 -2011) Læring og fellesskap

– tidleg innsats og gode læringsmiljø for barn, unge og voksne med særlige behov

*For at barn og elever med særskilte behov skal få et godt utbytte av tilbudet i barnehagen og opplæringene i skolen, må de ansatte ha den nødvendige kompetansen til å fange opp barn og elever som har særskilte behov. Å ha ferdigheter og kunnskaper om metoder og verktøy for å avdekke behov, er en forutsetning for å kunne gjøre det. For at de barn og elever som vurderes å ha behov for spesialpedagogisk hjelp og spesialundervisning i barnehagen og skolen skal kunne følges opp på best mulig måte, kreves kunnskaper om ulike funksjonsnedsettelse og tilrettelegging av læringsmiljøet.*

*Praksis i barnehagen og skolen, og i barnehagens og skolens støttesystemer må være kunnskapsbasert.*

**Meld. St. 24 (2012–2013) «Framtidens barnehage»** - eller den såkalla «Barnehagemeldinga» samanfattar staten sine overordna mål i barnehagepolitikken. Meldinga gir råd og peik om kva som kjenneteiknar ein god barnehage i dag, men også om kva som blir forventa av barnehagane i framtida. Det står m.a. å lesa:

*«Regjeringen mener at tidlig innsats og tilpasning av tilbudet til hvert enkelt barns behov, skal stå sentralt i barnehagen. Gjennom meldingen gir regjeringen en tydelig retning for framtidens barnehagepolitikk, både når det gjelder kvalitet og innhold, ansattes kompetanse og styringen av sektoren. Mangfoldsperspektivet, det å inkludere og verdsette kulturelle variasjoner, står sentralt for å videreutvikle barnehagens rolle som arena for forebygging, inkludering og sosial utjevning».*

Meldinga samanfattar og presenterer ei rekke tiltak og forslag utarbeida i kjølvatnet av St.meld. nr. 41 (2008-2009) «Kvalitet i barnehagen».

**Meld. St. 20 (2012–2013) «På rett vei»** handlar om grunnopplæringa i Noreg. I meldinga kan me m.a. lesa:

*«Skolen skal ruste elevene med grunnleggende ferdigheter som lesing, skriving og regning. Det trenger alle for videre skolegang, men også for å mestre eget liv og for å delta i samfunnet. Men grunnopplæringen har også et videre samfunnsmandat og skal bidra til at elevene tilegner seg et bredt sett av kunnskaper og ferdigheter, og utvikler verdier og holdninger for resten av livet. (...)»*

... og peik om framtida:

*«Skolen skal bidra til å dyrke nysgjerrighet og lærelyst og motivere de unge til livslang læring.» og «Motivasjon og lærelyst er viktig for å øke læringsutbyttet. For å treffe alle elever må opplæringen bli mer variert og praktisk. Dette innebærer ikke å senke kravene, men å finne nye måter å la elevene tilegne seg kunnskapene og ferdighetene på. Dette er et arbeid som er i gang på ungdomstrinnet, og som skal videreføres til hele grunnopplæringen.»*

Meld. St. 6 (2012-2013) «*En helhetlig integreringspolitikk. Mangfold og fellesskap*» blei lagt fram for Stortinget 26. oktober 2013. Barnehage og utdanning er sentrale tema i meldinga, og vert omtala i kapittel 4. Kapitlet baserer seg mellom anna på NOU 2010:7 «*Mangfold og mestring*».

Meld. St. 10 (2011–2012) «*Kultur, inkludering og deltaking*» handlar om det offentleg finansierte kulturlivet - som er for alle. Visjonen til meldinga er:

«*Ein inkluderande kultursektor er ein sektor der alle har like moglegheiter til deltaking og til å utvikle sine skapande ressursar, uavhengig av faktorar som sosioøkonomisk-, kulturell- eller religiøs bakgrunn eller funksjonsevne.*»

I innleiinga står det å lesa at:

«*Tilgang til kultur og høve til å uttrykke seg kreativt er viktig i eit demokratisk samfunn og legg grunnlag for ytringsfridom og likeverd. Deltaking i kulturlivet har positive verknader både for den einskilde og for samfunnet. Kunst og kultur gir opplevelingar og meining i kvardagen, og legg grunnlag for utvikling og læring. Ved sida av arbeidsliv og skule er kulturlivet blant dei arenaene som bidreg mest til utvikling av skaparevne og kompetanse.*»

Ander viktig lover:

Kulturlova av 2007. Lov om offentlege styresmakters ansvar for kulturverksemnd.

<https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2007-06-29-89?q=kulturlova>

Lov om folkebibliotek 1985. <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1985-12-20-108?q=Lov+om+folkebibliotek>

Opplæringslova § 13.6 Kulturskulen [https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1998-07-17-61?q=oppl%C3%A6ringslova#KAPITTEL\\_15](https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1998-07-17-61?q=oppl%C3%A6ringslova#KAPITTEL_15)

Dei regionale føringane for planarbeidet er knytt til det interkommunale prosjektet «Haugalandsløftet». Dette er eit samarbeid som alle kommunane i Nord-Rogland deltek i, i tillegg til Etne og Sveio. Føremålet med prosjektet er å sikra samarbeid, utvikling og kompetanseheving innan barnehage, skule og PPT.

<http://www.haugalandsløftet.no/>

Innspel frå ope temamøte om oppvekst og kultur i Sauda tysdag 11. mars 2014 og politisk

temamøte i Sauda kommunestyre fredag 21. mars 2014 har gitt føringar for val av mål og tiltak. Det same har skriftlege innspel frå tilsette innan dei ulike tenesteområda.




## 6. Mål og tiltak

Mål og tiltak gjeld for barnehagar, skular, PP-tenesta, kultureininga og sentraladministrasjonen innan kultur og oppvekst i Sauda

Det er utforma mål og tiltak for to hovudområde innan oppvekst og kultur:

1. Resultat og kvalitet i tenestane
2. Rammevilkår og ressursar for tenestene

Det er utforma både felles og sektorvise mål og tiltak.



## MÅL: Resultat og kvalitet

OMRÅDE	MÅL (Kva vil me oppnå)	TILTAK (Kva me skal gjere for å nå måla)
FELLES	1. Tenestene fremmar skaparkraft og kreativitet og er mest mogleg i tråd med behova og ønska til brukarane.	a) Etablera og bruka oppvekstforum for koordinering av aktiviteter og samarbeid med arbeidsliv. Utvikling av felles tema og arrangement.  b) Bruka entreprenørskap, forskingsprogram og/eller andre metodar for å fremma kreativitet og skaparkraft.
	2. a) Tenestene skapar betre folkehelse i Sauda gjennom å jobba systematisk og langsiktig for å dyrka fram ein sterk og god helsekultur.  b) Høg kvalitet på skulehelsetenesta  c) Heve den psykososiale kompetansen i barnehagar og skular, kulturskulen inkludert.	a) Opplæring, aktiviteter og arrangement som bidreg til folkehelse vert gjennomført i tenestområda kvart år.  b) Utvide tidsbruk til skulehelsetenesta på skulane.  c) Vurdere å tilsette andre yrkesgrupper i barnehage og skule for å gi barn og elevar med psykososiale vanskar eit betre tilbod  c) Heve kompetansen ved å overføre kunnskap frå andre yrkesgrupper
	3. Tenestene sikrar god integrering og verdsetjing av menneskeleg mangfald og kultur i Sauda.	a) Laga og ta i bruk hustavle (verdiplattform) for mangfald og integrering  b) Skapa møteplassar og relasjonar på tvers av kultur, nasjonalitetar og bu-område  c) Sikra kompetanseutvikling og lokale ressurspersonar innan tema integrering, mangfald og kultur.  d) Gjere forsøk med alternative opplæringsarenaer.
	4. Utvikle varme og grensesetjande vaksne ( autoritative vaksne) <a href="http://laringsmiljosenteret.uis.no/skole/klasseledelse/relasjoner/den-autoritative-voksenstilen-article117311-21049.html">http://laringsmiljosenteret.uis.no/skole/klasseledelse/relasjoner/den-autoritative-voksenstilen-article117311-21049.html</a>	a) Styrke og sikre kompetansen innan autoritativ leiing hos dei vaksne i barnehage, skule og kultur

		<p>b) Vere støttespeler, pådrivar og rettleiar for utvikling av varme og grensesetjande vaksne.</p> <p>c) Bevisstgjera og gi støtte til foreldrerolla ved hjelp av holdningsskapande tiltak som samtalar/rettleiing, kurs og andre kompetansetiltak innan barnehage, skule, kultur og idrett.</p>
	<p>5. Tenestene jobbar etter prinsipp om tidleg innsats og best mogleg samhandling på tvers av einingar for å sikra at kvar enkelt får ei best mogleg utvikling.</p>	<p>a) Utvikla strategiar, arbeidsmåtar og kompetanse for sterke samarbeid og samhandling på tvers av sektorane og tenestene. Laga felles retningslinjer og verktøy for å sikra tidleg innsats.</p> <p>b) PP-tenesta skal i samarbeid med barnehagar og skular arbeide systematisk for å avdekke vanskar tidlegast mulig.</p> <p>c) PP-tenesta har faste treffpunkt ute i barnehagar og skular for å betre den tilpassa opplæringa.</p> <p>d) Skape rom for at PP-tenesta kan arbeide meir systemisk i både barnehage og skule.</p> <p>e) Minst to årlege helseutval i barnehage og skule der alle viktige instansar som arbeider med barn deltek.</p> <p>f) Arbeide for at pp-tenesta vert ein del av ei sterk og god interkommunal teneste.</p> <p>g) Utarbeide plan for å sikre ein brei kompetanse i PP-tenesta.</p>
BARNEHAGE	<p>1. Bygga solid sosial kompetanse i lag med dei føresette.</p> <p>2. Barnehagetilbodet utviklar kompetanse og gir gode opplevingar innan språk.</p>	<p>a) Vidareutvikla «Være sammen» modellen som felles verktøy i Saudabarnehagane.</p> <p>a) Utvikla og ta i bruk felles verktøy for språk – og omgrepsopplæring.</p>

SKULE	<p>1. Opplæringa er av høg kvalitet og motiverer alle elevar til innsats for læring.</p> <p>a) Utvikla og ta i bruk strategiar og verktøy for tilpassa opplæring.</p> <p>b) Utvikla og ta i bruk system for å nytta kompetansen til medarbeidarane i skulen best mogleg.</p> <p>c) Utvikla og ta i bruk strategiar og verktøy som sikrar fleirspråkelige eit godt læretilbod.</p>
-------	---

	2. Det skal ikkje vere systematiske forskjellar mellom kjønn på nasjonale prøvar, standpunkt eller eksamensresultat over tid.	a) Ta i bruk metodar og verktøy som bidreg til å førebygga og utjamna forskjellar i resultat og motivasjon mellom jenter og gutter.  b) Søka betre samhandling for å førebygga og utjamne forskjellar mellom kjønn
	3. Skulane i Sauda har kvalifisering til arbeid og samfunnsseltaking som overordna mål for sitt arbeid.	a) Utvikla og ta i bruk strategi for sterkare bruk av lokalt-regionalt arbeidsliv som partner i lærings- og kvalifiseringsarbeidet.
KULTUR	1. Kulturtildelningen i Sauda skal vere utforma for å møta mangfaldet av behov i Sauda.	a) Bruka oppvekstforum som arena for drøfta korleis kulturtildelningen skal utformast.  b) Gi eit breitt og mangfaldig kulturtildelning i samarbeid med andre.
	2: Kulturtildelningen i Sauda er avgrensa og spissa for å sikra best mogleg ressursutnytting og kvalitet.	a) Det vert gjennomført ei tydeleg prioritering av kulturtildelningen i Sauda.  b) Tilboda og tiltaka i tenesta vert profesjonelt pakka, marknadsført og gjennomført.
	3. Tenestane står saman om eit godt kulturtildelning i barnehage og skule.	a) Saman utvikla gode lokale løysingar og modellar som skulane og barnehagane kan nytta – gjerne som eigne program eller tema.

## MÅL: Rammevilkår og ressursar

OMRÅDE	MÅL (Kva me vil)	TILTAK (korleis med skal nå måla)
FELLES	1. Barnehage, skule og kultur har føreseielege rammevilkår og tydelege styringssignal frå eigarane.	<p>a) Det vert gjennomført eit årleg dialogmøte mellom oppvekst og kultur og kommunestyret som grunnlag for utforming mål og rammer i økonomiplan.</p> <p>b) Einingane innan oppvekst og kultur skal ha størst fokus på kjerneoppgåvene som alltid bør handla om møte mellom menneske:</p> <ul style="list-style-type: none"><li>- Gi opplæring</li><li>- Gi omsorg og støtte</li><li>- Skapa opplevingar</li><li>- Skapa møteplassar</li></ul>
	2. Oppvekst og kultur har god og variert fagkompetanse som er omstettingsdyktig og bidreg til utvikling og høg kvalitet i tenestetilbodet på tvers av einingane.	<p>a) Utarbeide ein felles strategi for kompetanseutvikling og -rekruttering innan oppvekst og kultur.</p> <p>b) Utarbeide og implementere ein delingskultur der ein tek i bruk kompetanse på tvers av einingar, gjerne i fag- og utviklingsteam.</p> <p>c) Rekruttera og ta i bruk nye yrkesgrupper for å møta utfordringar og sjansar knytt til opplæring, rettleiing og integrering.</p> <p>d) Gjennomføra tiltak som skapar vilkår for nettverk, fagforum og å hospitera på tvers av tenester og einingar.</p>

BARNEHAGE	1. Barnehagane er robuste og godt dokumenterte organisasjoner med kapasitet til å møta endring og omstilling	a) Det er føreseielege rammer for å løysa oppgåvene i barnehagane.  b) Utvikla retningslinjer og kriterier for ressurstildeling ved pedagogiske utfordringar, særleg knytt til språk og åtferd.  c) Utvikla og setta i verk arbeidsmåtar som gir leiarane tett oppfølging og støtte slik at dei kan styra godt og nå oppsette mål.  d) Utvikla og ta i bruk effektive styringsverktøy og arbeidsmåtar som gir meir tid til leiing, utvikling og omstilling i barnehagane.
	2. Barnehagane skal gjennomføra to hovedopptak i året og jobba aktivt for å skaffa plass til dei som søkjer plass utanom hovedopptaka.	a) Utforma og marknadsføra mål for barnehagedekning og – opptak i Sauda.  b) Samhandling mellom barnehagane for å sikra plassar og tilbod når det trengst.
SKULE	1. Skulane er robuste og godt dokumenterte organisasjoner med kapasitet til å møta endring og omstilling	a) Det er føreseielege rammer for å løysa oppgåvene i skulane.  b) Utvikla retningslinjer og kriterier for ressurstildeling ved særlege pedagogiske utfordringar knytt til språk og åtferd.  c) Utvikla og setta i verk arbeidsmåtar som gir leiarane tett oppfølging og støtte slik at dei kan styra godt og nå oppsette mål.  d) Utvikla og å ta i bruk effektive styringsverktøy og arbeidsmåtar som gir meir tid til leiing, utvikling og omstilling ved skulane.
	2. Alle tilsette skal ha minst ein nær samarbeidspart, og skal ha individuell og kollektiv oppfølging og støtte for å vidareutvikle seg som «den beste lærar og tilsett.»	a) Aktivera og dela kompetanse i partnarskap, team og kollegium på tvers av fag, klassar og skular.  b) Systematisk oppfølging ved leiar for å støtta lærar i utvikling av sin beste praksis.

Kultur	1. Kultureininga er ein robust og godt dokumentert organisasjon med kapasitet til å møta endring og omstilling	a) Det er føreseielege rammer for å løysa oppgåvane innan kultur.  b) Utvikla og setta i verk arbeidsmåtar som gir leiарane tett oppfølging og støtte slik at dei kan styra godt og nå oppsette mål.  c) Utvikla og ta i bruk effektive styringsverktøy og arbeidsmåtar som gir meir tid til leiing, utvikling og omstilling innan kultur.
	2. Kulturarenaene i Sauda er definerte, etablerte og tilgjengelege for flest mogleg	a) Prioritera ressursar til langsigktig utvikling av nokre få, definerte kultur- og idrettsanlegg  b) Restaurera Folkets Hus og reisa nybygg. Utvikla og implementera driftsmodell for kulturhuset.
	3. Betre synleggjering og forvalting av dei kulturhistoriske verdiane i Sauda.	a) Betre samhandling mellom ulike aktørar.  b) God informasjonsflyt internt i kommunen.

## **7. Prinsipp og føringer**

Mål og tiltak vert prioritert og ført inn i den årleg handsaminga av økonomiplan og årsbudsjett. I denne prosessen vert ansvar, ressursar og tidsplan for arbeidet med mål og tiltak definert.

Det vert gjennomført årleg dialogmøte i samband med økonomiplan og årsbudsjett. Føremålet med dialogmøte er drøfting av status i arbeidet med kommunedelplan, status innan tenesteområdet og rammer og prioriteringar i kommande årsbudsjett.

Skrifteleg evaluering av mål og tiltak vert gjennomført i perioderapportane til dei ulike einingane.

Det skal utformast ein kortversjon av planen som inneheld mål og tiltak. Kortversjonen skal bidra til at mål og tiltak er lett tilgjengeleg og godt kjent.

Saker som vedkjem strukturendringar og utvikling av bygg og anlegg innan oppvekst og kultur vert handsama i eigne prosessar. Måla og tiltaka er i kommunedelplanen er førande for strukturendringar og bygg- og anleggsutvikling.

Planen skal rullerast kvart fjerde år.

